

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 11. søndag i treeiningstida - 04. august 2013

Preiketekst: 1 Mos 21, 9-13

Lesetekst I: Rom 8,1-4; 14-18

Lesetekst II: Joh 8, 31-36

## Eit familiedrama som utfordrar oss

Det er litt av eit familiedrama me vert førde inn i denne første sundagen i august; den ellefte sundagen i treeiningstida! Soga om dei fem personane er både verdskjend og unik, med far Abraham i spissen, og Sara med sonen Isak og Hagar med sonen Ismael. Her er både indre og ytre dramatikkk nok til ei heil slektskrønike!

Det er nokre sundagar i året som har såkalla «unnataks-tekst». Det inneber at det ikkje er evangelieteksten som er preiketekst, men som oftast ein annan tekst frå NT, eller som her – som eit sjeldent tilfelle – ein liten bit av ei stor forteljing frå GT.

Evangelieteksten frå Joh 8 – som denne gongen altså er lesetekst - kunne elles vore nesten «ideell» for oss som er involverte og engasjerte i vitneteneste mellom jødane. For der talar Jesus nettopp til dei jødane som var komne til tru på han! For det kjem jødar til tru på Jesus Messias også i dag, både i Israel og mange andre land! Teksten frå Rom 8 seier med sterke og klare ord noko om den fridom alle får erfara som er i livsamfunn med Jesus Messias, både jødar og heidningar. Gud, som ikkje sparde sin eigen son, men gav han for oss alle, korleis skulle han kunna anna enn å gje oss alle ting med han? Og om Gud såleis er for oss, kven skulle då vera mot oss?

### Ei omfattande forteljing

Men tilbake til desse fem. Teksten er som nemnt berre eit lite utklypp av ei lang og omfattande forteljing. Ho tek til i 1 Mos 16. I fortvilning over at Herren ikkje let Sara verta med barn, let ho trellkvinna Hagar gå inn til Abraham i staden. –Så kan eg få ein son ved henne, tenkjer Sara. Abraham er med på dette. Og Hagar vert på veg. Men så skjer det at ho ser skeivt på matmor si, Sara. Dermed vert Hagar jaga vekk. Ein Herrens engel finn den svært vanskelegstilte egyptiske trellkvinna ved ei vasskjelde i ørkenen, og seier at ho skal dra tilbake til Sara og Abraham. Hagar får høyra fine lovnadar om sonen ho skal få, og på dette grunnlaget vender ho heim att – og føder sonen sin. Då var Abraham 86 år gammal.

Og så, om lag fjorten år seinare, ser Herren til Sara, slik at ho sjølv vert med barn, til si store undring. Då er Abraham hundre år. Og Isak vert fødd, og vert omskåren på den åttande dagen, og dei skipa til stor fest då guten vart avvend.

Det er i samband med desse veldige hendingane at Bibelen fortel at begge foreldra lo. Først Abraham, som kasta seg til jorda, full av lått og undring (17,17). Deretter Sara, som meinte at alle som kom til å høyra om dette, ville koma på låtten (21, 6).

Kostelege scenar!

Men så tek dramatikken til på nytt. Ismael, halvbror og storebror til Isak – og tenåring i ”verste slyngelalder” - driv ap med den vesle halvbroren sin. Då vert tonen skarp hjå Sara: Jag vekk både trelkvinna og sonen hennar! Dei skal jo heller ikkje arva oss, legg ho til. Men dette gjer vondt for Abraham – for Ismael er jo hans eige kjøt og blod. Men Herren seier han skal lyda Sara i det ho seier til han, og difor sender han Hagar og Ismael ut i ørkenen – på nytt. Og på nytt skjer det at ein engel ser dei i deira naud, og kjem dei i møte med vatn og hjelp elles. Slik berga dei livet, og mora sytte seinare for at Ismael fekk seg kone frå Egypt, det same landet som ho sjølv kom frå.

### **Åndeleg fridom**

Når dette er sett opp som preiketekst, saman med dei to lesetekstane, skjønar me at det er åndeleg fridom det handlar om denne dagen. Av og til har me vore vane med at på denne sundagen i kyrkjeåret har det vore preiketekst om til dømes sabbaten (bruk av sundagen/heilagdagen), faste, eller liknande emne. Men no opplevest det noko underleg at ikkje Gal 4, 21-31 er sett opp som lesetekst, for det er kanskje den NT-teksten som klårast og tydelegast av alle tek utgangspunkt i forteljinga om desse fem personane. Gud byggjer sitt folk på dei som har fått lovnadane, i motsetnad til trelkvinna som her står som symbol på lova sine krav frå Sinai. Guds folk av jødar og heidningar er eit fritt folk og ikkje eit trellefolk. Det er skilnad på ein vanleg fødsel etter naturen sin orden, og ein fødsel etter Guds lovnad! Svært kort kan dette seiast å vera essensen av Paulus si undervisning og utlegging til galatarane.

I leseteksten frå Joh 8 er det Jesus som sjølv understrekar at me finn sanninga i hans eige ord, og det er på denne måten me alle kan verta læresveinar og læra den frigjerande sanninga å kjenna. For den som gjer synd, han er ein trel av synda. Og så nyttar også Jesus biletet med trelen og sonen; som tydeleg har spor til forteljinga om Isak og Ismael, utan at det vert sagt direkte.

### **Konkret tekst**

Men det skal innrømmast at det nesten opplevest som kunstig å ”berre” nytta denne store familieforteljinga frå 1 Mos 16 og 21 i overført tyding. For sanneleg er her rikeleg å ta fatt i om ein også vil nytta Isak & Ismael-forteljinga meir direkte og bokstaveleg. Forteljinga er nesten ubehageleg konkret. For kva er det me les om? Er det ikkje misunning og mobbing, med utgangspunkt i noko som liknar på fleirkoneri? Ein parallell er forteljinga me finn i 1 Sam 1 om Elkana og konene Hanna og Peninna. Ser me ikkje også noko av tematikken ”mine born og dine born” her? Utstøyting frå eit familiefelleskap kunne lett ha enda med døden, i alle fall den gongen. Utstøyting frå ein familie eller anna felleskap kan føra mykje elende med seg også i vår tid, i alle kulturar. Og sanneleg kunne det vore spennande å kome litt meir under huda på Abraham sjølv. Korleis opplevde han alt det dramatiske som skjedde?

Og bak alt saman ligg også spørsmål som er brennaktuelle den dag i dag; tilhøvet mellom jødane og palestina-arabarane, og kanskje også kven palestina-arabarne er, målt mot det faktum at både Hagar og ho som vart kone til Ismael, var frå Egypt. Dermed kan ein vel seia

at Ismael var jødisk-egyptisk, og at etterkomarane hans vart egyptisk-jødisk-egyptiske, sidan han var halv jøde og halv egyptar, medan mora var heil egyptar?

Og det skal korkje gløymast eller utelatast, at lovnadane til Hagar og Ismael også var sterke: Eg vil gjera han til eit stort folk. Ætta di skal verta så talrik at ingen kan telja henne, sa Herren til han og til mora. Men Herren sa også at Hagar skulle bøya seg under Sara si hand!

Dette er spennande å lesa, men krevjande å tolka og forstå.

På same måten slit me med å forstå og gripa kva sann og ekte åndeleg fridom er. At me som er falne og fortapte syndarar, fødde i synd og med synd, og i trelldom, skal få del i all åndeleg fridom, velsigning, nåde og barnekår – utan å betala eitt einaste øre! Alt dette vert gjeve oss som ei gåve. Det er aldeles uavhengig av både oss sjølve og korleis både mor og far vår var og er, og familiesituasjonen me vart fødde inn i. Dette er ein radikal bodskap å forkynna både til det gamle gudsfolket, og til alle oss andre. –Får då Sonen gjort dykk frie, då vert de verkeleg frie, som leseteksten i Joh 8 seier det.

God helg!

**Paul Odland**

misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)